


Krigsminno – flyslepp ved Saur i Øystre Slidre

Av Olav Onstad



Oversiktsbilete over Saurområdet. I bakrunnen Skaget til høgre, lenger borte Jotunheimen.

Saur er eit område i Øystre Slidrefjellet aust for Rundemellen, – eit høgdedrag mellom stølsområda Tansberg og Sørre Trollåsen.

Under krigen var det ein del aktivitet i dette området, mellom anna vart området nytta til slepp frå engelske fly, – sleppa var nok våpen og ammunisjon til mennene i motstandskampen. Etter eit slikt slepp i august 1944 vart tre «gode nordmenn» frå bygda bedne om å få frakta sakene ned mot Fagernesområdet. Nils Røine (1918-2001) hadde lastebil, og saman med to karar til, Erik og Johan, skulle dei køyre til fjells, gå opp i Saur-høgda og bera våpen og ammunisjon ned til bilen. Oppmodinga kom truleg frå Odd Hodne, – han var ein sers aktiv mot-

standsmann og heldt mykje til i Tonsåsen-området. På sine eldre dagar fortalde Nils om denne turen til ein nær slektning, og denne er då mi kjelde for historia.

Som før nemnt dro dei tre karane til fjells, og dei køyrde opp til Strypane, – eit lite område sør for stølsgrenda Sørre Trollåsen. Der møtte dei etnedølen Odd Hodne som hadde bede om hjelp til henting og frakt av sakene.

På turen opp mot Saur møtte dei i bjørkelia på ein mann frå næraste stølsgrenda, – denne var ute på leiting etter nokre kalvar. Hodne var svært usikker på kor dei hadde denne karen, og det hadde vorte ein diskusjon korvidt kalveleitaren skulle få gå vidare eller om han skulle likviderast. Hodne



Biletet syner korleis karane ved hjelp av ein hest og ei litt serskilt oppspenning fekk frakta dei impregnerte stolpane frå Strypen og opp til Saurstjerna.

hadde vore mest stemt for det siste, men etter at dei tre bygdemennene gjekk god for han, fekk han gå vidare. Men han fekk streng beskjed om å tie om møtet og å koma seg derifrå snarast mogeleg.

Sakene som var kome med flysleppet var pakka i aluminium-containerar, og innhaldet frå to av desse vart lasta opp og bore nedover mot bilen. Staden der containerane var droppa låg mellom 2 og 3 kilometer i luftline unna vegen, så med gode bører hadde nok karane ei slitsam marsj før dei kom fram. Etter det som var sagt fekk dei tømt to containerar, men det var att meir våpen som dei ikkje fekk med seg på denne turen. Visstnok vart innhaldet frå dei andre containerane frakta ned til stølen Sørre Trollåsen, og

derifrå vart våpen gøymt og/eller frakta bort i mindre parti.

Etter at dei hadde lasta sakene opp på bilen til Nils, var dei klare for å køyre ned mot bygda. Før dei reiste frå Strypane plasserte Hodne ein pistol på ei lita hylle av lasteplanet på venstre sida like ved førarhuset, og Nils fekk beskjed om å bruke denne om dei skulle bli stoppa i kontroll etter vegen, – Hodne skulle ikkje sjølv vera med ned mot Fagernes.

Turen heim mot bygda og nedover mot Fagernes gjekk bra utan problem av noko slag. Ordren var å kjøre ned til om lag der Osen camping ligg i dag, og der skulle dei stoppe på ei lomme ved sida av riksvegen. I kveldsmørket sat karane rolege i førarhuset, og dei høyrde at det var litt russel bak på las-

teplanet. Dei såg imidlertid ikkje kven som var bak på lasset, men dei trudde helst at karane kom ned frå skogen og at det var dit dei tok med seg våpena og ammunisjonen. Etter at det stilna ved bilen og lasta var borte, kunne Nils og hjelparane hans vende nasen oppover mot Øystre Slidre att, og dei var nok vel fornøgde med at oppdraget hadde vorte så vellukka og at dei slapp å bli møtt av tyske patruljer.

For å markere flysleppet ved Saur som eit krigsminne, vart det i august 1992 sett opp eit nokså stort treskilt der flysleppet gjekk føre seg. Det var to tropper frå Heimevernet, leia av områdesjef Ola Fjelltun, som utførte dette arbeidet.

Sørre Trollåsen er næraste støls-grenda på nordsida av Saur der flysleppet var, og i tida etter dette var det stor aktivitet av tyskarane her. Mellom anna tok dei seg til rette ved å okkupere fleire sel slik at stølseigarane måtte bu fleire saman og sjølve skaffe seg anna husvære.

Johan Prestrud hadde bygd seg nytt sel på Trollåsen, og etter flysleppet ved Saur fekk han sett opp ein ekstra vegg mellom to soverom slik at det vart ein hemmeleg lagerplass for våpen og ammunisjon av det siste som vart henta ned etter flysleppet. Tyskerane okkuperte også dette selet, men arbeida var så snedig utført at dei ikkje oppdaga denne gøymestaden, noko som godt var for eigaren og andre oppsitarar.

Dottera til Johan Prestrud, Aslaug Røe, som var ein 10 til 12 år den



Krigsminnesmerke etter flyslepp i Øystre Slidre 1944.

gongen, minnest godt desse hend-ingane, og korleis det var å vera på stølen denne tida.

Fallskjermane som hadde vore nytta ved flysleppet vart pakka saman og gøymt under mindre og kvistrike graner oppe ved Saur. Sumaren etter, då det hadde vorte fred, vart desse henta ned til stølsområdet og lagt utover grasbakken for å bli tørka. Aslaug minnest at dei var både kvite og lys brune, og i rasjonerings-tidene etter krigen vart dei sydd om til både kjolar og annan kledebunad.